

SAK 65-15 SØNAD OM MIDLAR TIL VIDAREFØRING AV HALLINGDAL SITT LANGRENNSPROSJEKT I 2016

Saksopplysning

I søknad datert 18.11.2015 (vedlegg 1) søker Ål Utvikling AS om kr. 200.000 i støtte til vidareføring av Hallingdal sitt langrennsprosjekt i 2016.

Utgangspunktet for tiltaket var søknad frå Visit Hallingdal, der det i sak 46-14 vart rådd til ei løyving på totalt kr. 600.000 til eit sykkelprosjekt og profileringsprosjekt langrenn. Visit Hallingdal vart historie men destinasjonsselskapa vart utfordra på å gjennomføre sykkelprosjekt og profileringsprosjekt langrenn. Regionrådet handsama i sak 04-15 gjennomføring av profileringsprosjekt langrenn, etter at dei 6 destinasjonsselskapa gjekk saman om å realisere prosjektet, med Ål Utvikling prosjektansvarleg. Av ei total kostnadsramme på kr. 600.000 vart det løyvd kr. 300.000 til prosjektet, finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.

Hallingdal har eit omfattande og godt utvikla løypenett som blir vurdert å ha stort potensiale på tvers av regionen. Profileringsprosjekt langrenn skulle i 2015 gjennomføre følgjande tiltak:

- På www.skisporet.no skal Hallingdal stå fram som ein region.
- Utarbeide felles langrennsbrosyre for Hallingdal, fleire språk
- Utarbeide felles langrennskart for Hallingdal, fleire språk
- Utarbeide online skikart for Hallingdal
- Deltaking på stand/messer i utlandet for å fremme langrennsregionen Hallingdal
- Aktiv annonsering i sosiale media

I førebels prosjektrapport, vedlegg 2, er det gjort ei stausoppdatering. Kort fortalt er planlagde tiltak gjennomført eller er i avslutning.

Med bakgrunn i godt arbeid og god framdrift i langrennsprosjektet 2015 ser prosjekteigarane det som særstakt viktig å kunne drive prosjektet vidare i 2016. Mykje av «grunnarbeidet» er gjort, men for å få maksimal og langsiktig effekt av tiltaka som er sett i gang, blir det vurdert som heilt nødvendig å halde fram arbeidet.

Alle destinasjonane i Hallingdal (Flå med eit lite etterhald foreløpig vedr. økonomi) har stadfesta at dei deltek i prosjektet med kroner og arbeidsinnsats i 2016.

Det er sett opp følgjande prosjektoppgåver i 2016:

- Få produsert ein felles vinterfilm med hovudfokus på langrenn for Hallingdal, og deretter distribuere den i ulike kanalar.
- Fortsette med marknadsføringskampane av Hallingdal som langrennsdestinasjon vinteren 2016 og starte opp att i sept/okt med fokus på vinteren 2017.
- Utarbeide fleire annonser og kjøpe annonseplass for alle annonsane i serien «Vi er skifolket» i ulike nasjonale og lokale mediekanalar.
- Vidareføre samarbeid med profesjonelle rådgjevarar
- Andre aktuelle tiltak som viser seg å være aktuelle og nyttige.
- Følgje opp, vidareutvikle og drifta den nye kampanjesida www.hallingspor.no gjennom heile 2016.

Målsetting/resultat er fleire kommersielle gjestedøgn og auka positivt omdøme og attraktivitet for Hallingdal som reisemål samt bu- og hytteregion.

Økonomi

Budsjett

Til prosjektoppgåvane	200 000
Administrasjon og prosjektleiing, ca.	100 000
Arbeidsinnsats frå dei 6 destinasjonane a kr. 16.667	<u>100 000</u>
Sum	<u>400 000</u>

Finansiering

Tilskott Regionrådet for Hallingdal	200 000
Tilskott, 6 destinasjonar a kr 16.667	100 000
Eigeninnsats 6 destinasjonar timer a kr. 16.667	<u>100 000</u>
Sum	<u>400 000</u>

Tiltaket blir vurdert som god forankra i høve til Buskerud fylkeskommune sin regionale delplan for reiselivet i Buskerud ”Først mot fremtiden 2010-2016” og fylkeskommunen sitt program ”Aktivitetsturisme i Buskerud 2015-2018”.

I Strategisk plan for Hallingdal er reiseliv – opplevelingar eit prioritert satsingsområde.

Vurdering

Hallingdal sitt langrennssprosjekt er så langt utan tvil ein suksess og har fått gjennomført dei valte hovudoppgåvene. Prosjektet er vellykka på to måtar, prosjektet er gjennomført som planlagt og dei 6 destinasjonane har etablert eit godt og konstruktivt samarbeid på konkrete oppgåver, det fortener ros.

Interessa for langrenn og turski er stor, og stadig aukande både i Norge og i utlandet.

Langrenn er ein viktig aktivitet både når det gjeld trening/konkurranse, som rekreasjonsform og i eit folke- helseperspektiv. Ingen land i verda har så mange gode langrennsområde som Norge. Kommunane i Hallingdal har eit omfattande skiløypenet som i høgsesongen er i overkant 2000 km! Med dette utgangspunktet bør kanskje Hallingdal ha som mål å bli verdens beste langrennsregion? Gjennom prosjektet har ein styrka kommunane og Hallingdal som langrennsregion. Satsinga blir vurdert som positiv og kan vera starten på ei tydelagre profilering av Hallingdal som langrennsregion nr.1.

Etter dagleg leiar sitt syn er profilingsprosjekt langrenn eit godt døme på konkret målretta samarbeid, som utan tvil vil vera med å setja Hallingdal i mykje sterkare grad på langrennskartet, ved eit langsiktig og målretta arbeid. Det er eit tiltak som absolutt bør vidareførast.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd 50% av kostnadane til profileringsprosjekt langrenn for 2016, innanfor ei øvre ramme på kr. 200.000. Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
2. Ål Utvikling skal vera prosjektansvarleg for profileringsprosjekt langrenn.
3. Styringsgruppe for profileringsprosjekt langrenn skal vera med ein representant frå kvart av destinasjonsselskapa i Hallingdal i tillegg prosjektleiar for Regionrådet sitt prosjekt Hallingdal 2020.
4. Prosjektet skal vera avslutta i 2016 og evaluering og rapportering skal vera gjennomført innan 31.12.2016

Ål 20.11.2015

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Søknad datert 18.11.2015 frå Ål Utvikling AS

Vedlegg 2: Førebels prosjektrapport, 17.11.2015

Vedlegg 3: Langrennsbrosjyre kan hentast her; www.hallingspor.no

Til Regionrådet for Hallingdal

3579 Torpo

Ål, 18.11.15.

SØKNAD OM STØTTE TIL VIDAREFØRING AV HALLINGDAL SITT LANGRENNSSPROSJEKT I 2016

Med bakgrunn i godt arbeid og god framdrift i langrennssprosjektet 2015 ser prosjekt-eigarane det som særskilt viktig å kunne drive prosjektet vidare i 2016.

No er mykje av «grunnarbeidet» gjort, men for å få teke ut maksimal langsiktig effekt av tiltaka som er sett i gang er det heilt nødvendig å fortsette arbeidet i denne regi.

Arbeidet i styringsgruppa er konstruktiv og prosjektleiar gjer ein god jobb og styrer arbeidet med stø hand. Me har erfart at å ha ein dyktig ekstern prosjektleiar er heilt naudsynt for å få til den nødvendige framdrifta, og ynskjer derfor å vidareføre avtala med Tove Sletto Medhus for 2016.

Med bakgrunn i dette har me utarbeida ein prosjektplan for Hallingdal sitt langrennssprosjekt i 2016, sjå neste side. For å få på plass finansieringa håpar med Regionrådet vil støtte prosjektet også i 2016. Med bakgrunn i finansieringsplanen i søknaden søker med om eit tilskott på

kr. 200.000,-.

Alle destinasjonane i Hallingdal (Flå med eit lite etterhald foreløpig vedr. økonomi) har bekrefta at dei deltek i prosjektet med kroner og arbeidsinnsats i 2016.

Vedlagt ein foreløpig rapport frå prosjektleiar om arbeidet så langt. Endeleg prosjektrapport blir skrivi rett over nyttår og sendt dykk då.

I tillegg til dei tiltaka denne søknaden omhandlar vil me vurdere å søke på BFK sine aktivitets-turismemidlar til andre aktivitetar og produktutviklingstiltak som kan forsterke langrennssatsinga i Hallingdal ytterlegare.

Med helsing
Ål Utvikling AS

Kari Grete Kleivstøl
Prosjektansvarleg for langrennssprosjektet
- på vegne av dei seks destinasjonane i Hallingdal -



LANGRENNNSPROSJEKTET I HALLINGDAL

PROSJEKTPLAN / SØKNAD 2016

Organisering

Prosjekteigarar

Flå Vekst SA
Gol Reisemål AS
Hemsedal Turisttrafikklag SA
Nesbyen Turist- og Næringsservice AS
Visit Geilo AS
Ål Utvikling AS

Prosjektansvarleg: Ål Utvikling AS

Prosjektleiar: Tove Sletto Medhus

Styringsgruppe:

Line Ramsvik	Visit Geilo AS	T: 971 32383 / line.ramsvik@hol.kommune.no
Simen Hagberg	Flå Vekst SA	T: 900 34 954 / simen@flavekst.no
Solveig Hjallen	Nesbyen Turist- og Næringsservice AS	T: 993 88 675 / info@nesbyen.no
Frode Bjelland	Gol Reisemål AS	T: 473 18 482 / frode@golinfo.no
Kari Grete Kleivstøl	Ål Utvikling AS	T: 970 38 147 – 32 08 43 60 / post@alutvikling.no
Anneli R. Vøollo	Hemsedal Turisttrafikklag SA	T: 988 87 267 / anneli@hemsedal.com
Ulrikke Ytteborg	Regionrådet for Hallingdal	T: 926 65 169 / Ulrikke.Ytteborg@hallingnett.no

Referansegrupper

Blir satt saman etter behov og då det er aktuelle tiltak der det er nyttig. Dette kan være reiselivsbedrifter/ aktivitetsbedrifter, løypelag samt kommunane.

Bakgrunn/marknad

Hallingdal har i dag eit omfattande og godt utvikla løypenett som blir vurdert å ha stort potensiale på tvers av regionen. Med heile 2000 km skiløyper kan me si at Hallingdal er ein av Europas beste langrennsregionar og synleggjeringa av dette er arbeid som må gjerast over fleire år. Satsinga på dette starta me med i 2015, men for å få teke ut maksimal langsiktig effekt av tiltaka som er sett i gang er det heilt nødvendig at arbeidet blir vidareført.

Interessa for langrenn og turski er stor, og stadig aukande både i Norge og i utlandet. Langrenn er ein viktig aktivitet både når det gjeld trening/konkurranse, som rekreasjonsform og i eit folkehelseperspektiv.

Dette prosjektet er eit samarbeid mellom alle dei 6 destinasjonane i Hallingdal og Regionrådet for Hallingdal. Prosjektet er eit profileringsprosjekt, og ikkje eit produktutviklingsprosjekt. Produktutvikling må kvar destinasjon jobbe med i sin kommune parallelt.

Prosjektoppgåver 2016

- Få produsert ein felles vinterfilm med hovudfokus på langrenn for Hallingdal, og deretter distribuere den i ulike kanalar.
 - Fortsette med marknadsføringskampane av Hallingdal som langrennsdestinasjon vinteren 2016 og starte opp att i sept/okt med fokus på vinteren 2017.
 - Utarbeide fleire annonser og kjøpe annonseplass for alle annonsene i serien «Vi er skifolket» i ulike nasjonale og lokale mediekanalar.
 - Vidareføre samarbeid med profesjonelle rådgjevarar som Kreator og Nucleus.
 - Andre aktuelle tiltak som viser seg å være aktuelle og nyttige.
 - Følgje opp, vidareutvikle og drifta den nye kampanjesida www.hallingspor.no gjennom heile 2016.

Målsetting/resultat: Fleire kommersielle gjestedøgn og auka positivt omdøme og attraktivitet for Hallingdal som reisemål samt bu- og hytteregion.

Tidsplan/ milepælar

Økonomi

Budsjett:

Til prosjektoppgåvane	200 000
Administrasjon og prosjektleding, ca.	100 000
Arbeidsinnsats frå dei 6 destinasjonane a kr. 16.667	100 000
Sum	400 000

Finansiering

Tilskott Regionrådet for Hallingdal	200 000
Tilskott, 6 destinasjonar a kr 16.667	100 000
Eigeninnsats 6 destinasjonar timer a kr. 16.667	100 000
Sum	400 000

Med helsing
Ål Utvikling AS

Kari Grete Kleivstøl
Prosjektansvarleg



Foreløpig prosjektrapport

Prosjektnamn:

Langrennsprosjekt i Hallingdal 2015.

Periode:
januar – november
2015

Prosjektansvarleg:
ÅI Utvikling AS
v/ Kari Grete Kleivstøl

Prosjektleiar
Tove Sletto Medhus



Samandrag



Grønt betyr:
Prosjektet er i henhold til plan.
Måloppnåelse fullt ut realistisk.

Gult betyr:
Prosjekter er under kontroll.
Måloppnåelse fortsatt mulig under
visse forutsetninger

Rødt betyr:
Prosjektet er ikke under kontroll.
Måloppnåelse ikke sannsynlig

Kort oppsummering:

Hallingdal sitt langrennsprosjekt er ein suksess og har fått gjennomført dei valte hovudoppgåvene. Nokre av oppgåvene i prosjektplanen viste seg å være mindre aktuelle. Prosjektet har brukt tida fram til sesongstart til å finne ut kva, korleis og til kven me skal kommunisere at me er ein av Europas beste langrennsregionar. Arbeidet har resultert i gode kampanjar i ulike media.

Prosjektmål

Prosjektet har vore eit profileringsprosjekt som har hatt som mål få fleire kommersielle gjestedøgn og auka positivt omdøme og attraktivitet for Hallingdal som bu- og hytteregion.

Prosjektet sine arbeidsoppgåver i flg. prosjektplanen

1. Få på plass online og sømløst samla skikart for regionen Hallingdal på www.skisporet.no
2. Utarbeide og distribuere felles langrennsbrosjyre med kart for Hallingdal, fleire språk. Også digital versjon.
3. Kople seg på Fjell-Norge sine prioriterte satsingar vedr. langrenn.
4. Auke merksemda om Hallingdal som langrennsområde, gjennom bl.a. nettmarknadsføring og aktiv bruk av sosiale media. Også auke fokuset på Hallingdalsløypa.

Status:

Pkt. 1. er framleis under arbeid i regi av www.skisporet.no og me følgjer dei tett. Dei har deltatt på eit av våre møter og forklart det tekniske med ein ny plattform og digital løysning som er under utvikling. Den nye plattforma skal testast i løpet av vinteren 2015/16 og løysningen vil gjere det mogleg å søke på Hallingdal som samla region. Det vil også være mogleg å få fram Hallingdalsløypa Sør og Nord.

Pkt. 2 er gjennomført som planlagt. Brosjyren inneholder informasjon om det totale langrennstilbodet, eit skikart over Hallingdal, turtips, info om booking, samt andre vinteropplevelingar. Brosjyren er produsert i 20.000 eks og distribuert med Norgesbrosjyren i Danmark, utlevert på Skiexpo på Lillestrøm og fordelt på dei ulike destinasjonane sine turistkontor og bedrifter.

Sjå brosjyren her: <http://np.netpublicator.com/netpublication/n17928642>

Pkt. 3 viste seg å vere uaktuelt. Fjell-Norge har ikkje funne sin samarbeidsform endå og me avventar eit mogleg samarbeid om marknadsføring i utlandet.

Pkt. 4 er planlagt og ein stor marknadskampanje tek til så snart skisesongen er i gang. Hallingdalsløypa må det jobbast ytterlegare med i 2016 både i forhold til skilting og køyring av trassèar.

Vi er skifolket

Marknadskampanjen bygger på konseptet «vi er skifolket». «Vi hallinger har langrenn i sjela. Vår entusiasme og skiglede gjør Hallingdal til en av Europas beste langrennsregioner. Vi er skifolket».

Konseptet handler om å fortelle historia til verdensmesteren, tur-entusiasten, mosjonisten, tur- familien, løypekøyraren, serveringspersonalet på ei fjellstugu m.m. Det er desse folka som gjør det mogleg for oss å kalle oss ein av Europas beste langrennsregionar.

Historia til skifolket blir presentert i annonseform og på kampanjesida hallingspor.no

Annonsering:

- Fjell og Vidde – ½ side 4.desember 2015 + 8.februar 2016. Profil: Alf Waaler
- Dnt.no – bannerannonse i desember 2015
- Sport og Fritid – bilag i Finansavisen 4.12.15. og 22.1.16. Profil: Pål Gunnar Mikkelsplass (des) og Roger Espeli (jan)
- Finansavisen – stiper i 6 torsdagsaviser som støtter opp om bilaget Sport og Fritid
- Google Adwords og Facebook er under planlegging

www.hallingspor.no

Me har i samarbeid med kommunikasjonsbyrået Nucleus fått utarbeida ei kampanjeside der med fortel om skifolket. Her finn du også informasjon om løypenettet og tutips. Oppdatert løypestatus får du på skisporet.no og du kan laste ned brosjyra her. Me freistar også til deltaking i ein instagramkonkurranse der alle biletene som er merka med #hallingspor er med i kåringa av flotte premiar.

Presse og media

Kommunikasjonsbyrået Nucleus hjelper oss med pressemeldingar og me har 3 utspel før jul.

Pressemelding 07.10.15; «Felles løft skal fronte Hallingdal som en av Europas beste langrennsregioner»

- sendt til lokal medier

Resultater:

E-postavisen 08.10.15: Felles løft skal fronte Hallingdal som en av Europas beste langrennsregioner

<http://www.epostavisen.no/default.aspx?articleid=9895&pageId=26&news=1>

Hyttenyheterne 13.10.15: Hallingdal skal bli Europamestere – i langrenn

http://www.hyttenyheterne.no/no/nyheter/hallingdal_skal/

Hallingdølen 22.10.15: 2 helsider med stort langrennkart: «Best på ski i Europa»

Hallingdølen 24.10.15: Lederspalten: «Til glede for mange».

Skiinfo 16.11.15: På deira [facebookside](#) og [nettside](#)

Bladet Hytta Vår: Kjem med artikkelen om satsinga i sitt desembernummer.

Facebooksidene til destinasjonane og regionrådet for Hallingdal sam t Å kommune sin nettside.

Planlagte pressemeldingar:

- No er det silkeføre i Hallingdal (sendast ved første snøfall)
- Alf Waaler; Norges største milsluker. 80-åringen har gått 20.000km på ski.

Ytterligare dokumentasjon av arbeidet er å finne i møtereferat samt fleire dokument/ oversikter som er utarbeida og distribuert til prosjektdeltakarane.

Organisasjon

I samsvar med prosjektskildringa.

Framdrift

Som planlagt.

Ressursbruk og økonomi

Er i rute, noko om omdisponering av midlar Fjell Norge og meir bruk av timar til prosjektleiing.

6. Spesielle problem og utfordringar

Målet vårt om å få på plass eit sømløst og samla online kart over Hallingdal er avhengig av skisport.no og deira tekniske løysning. Her har me møtt forståing for vårt ynskje, men dei har heile Norge å ta omsyn til og det tek meir tid enn me hadde håpa. Me har ein god dialog og trur på ei løysning i løpet av vinteren 2016.

7. Prosjektleiars eigen vurdering

Samarbeidet mellom destinasjonane går knirkefritt og alle bidrar på sin måte.

Engasjementet er stort og ein diskuterer seg fram til gode løysningar. Særinteresse blir lagt til side til fordel for fellesskapet og alle blir behandla likt. Det gode samarbeidsklimaet gjer prosjektleiars oppgåver til ein fornøyelse.

Langrennstilbodet i Hallingdal er underkommunisert og detta gjer me endeleg noko med. Me har mange gode historier å fortelje og me skal spele på oss sjølv. «Vi er skifolket».

17.11.15.

Tove Sletto Medhus
Prosjektleiar